

Lars Ove Toft (f. 1961) er dagleg leiar for BEK – Bergen senter for elektronisk kunst. I sitt kunstnarlege virke arbeider han med videoinstallasjonar, lyd- og lysdesign og bygger interaktive instrument. Hovudvekta av arbeidet skjer i samarbeid med andre kunstnarar og musikarar, sist med performance og installasjon ved PROA i Buenos Aires og Penghao Theater i Beijing. Lars Ove Toft bur og arbeider i Bergen, Norge.

Maia Urstad (f. 1954) har base i Bergen og arbeider i krysningfeltet lydleg – visuell kunst, hovudsakeleg med lydinstallasjonar og performative lydverk. Ho har stilt ut i heile verda, seinast ved «14. biennale for mediekunst» i Santiago de Chile 2019 og «Hardanger musikkfest» i Lofthus 2019. I 2017 vart ho utnemnt som byens lyd-kunstnar i Bonn, Tyskland og vart tildelt Rune Brynestads minnestipend i 2019. Urstad er utdanna ved Kunsthøgskolen i Bergen og har også bakgrunn frå musikkmiljøet. Les meir på www.maia.no



Audun Storaas. Utstilling i foajé

TRE I HARDANGER

8.2.-11.4.2020

Audun Storaas sine tre har stått her ei stund. Dei har snudd seg etter vinden, strekt seg etter sola, husa småkryp og større vesen i mange hundre år. Tida har slite laus bark og greiner, vendt alt føyeleg og knokke alt stivt. Livet spirer likevel, i nye knoppar mellom døyande greiner og brotne kvistar. Sjølv på tampen av livet ser ein fram til neste vår. Storaas ser desse trea gjennom blyant, pensel og skjerejern. Ei lita forskyving i farge eller ei ekstra plate med linjer, gir stadig nye uttrykk til dei gamle trea. Han har nytta høgtrykk, med plater av tre, og etsing i metall. I tresnitta kjem flater og farger fram, i etsinga er det linja som dominerer. Verka i denne utstillinga er alle av gamle eiketre i Hardanger, observert frå 1990-talet fram til 2019.

Audun Storaas blir 100 år i 2022. Intessa for det kunstnarlege språket har han hatt heile livet, og han har utført større oppgåver, som altertavla i Norheimsund kyrkje, ved sida av eit aktivt yrkesliv som lege. Den første kontakten han hadde med tresnitt, var på eit kurs i regi av Mons Breidvik i 1944. Det var likevel først etter at han blei pensjonist i 1990 at tida strakk til, og kunsten fekk den merksemda den krev.

8.2-11.4 2020



Maia Urstad & Lars Ove Toft

ETTER ALLE SOLEMERKE

Spekulasjonar rundt lyd og landskap

Maia Urstad/Lars Ove Toft
ETTER ALLE SOLEMERKE
Spekulasjonar rundt lyd og landskap

Heile verda er ei scene

Seier me når det me eigentleg vil seie, er at alle speler hovudrolla i sitt eige liv. I utsegna ligg òg moglegheita av at det ikkje finst noko publikum. I tillegg er dramaturgien kompleks og uføreseieleg. Det er ikkje nokon annan start eller slutt enn den tida som rammar inn den enkelte.

Men, me deler nett denne litle tida i dette store rommet. Og sikta frå vindauga på Kabuso er vid og djup, synet rekk over ein snutt av Folgefonna på gode dagar. Tida mi er ganske kort samanlikna med fonna eller fjellet den kviler på. Tida mi er rastlaus, glupsk og glømsk. Fjellet si tid er utanfor synsrande mi. Det er mogleg det pustar, hevar og senkar den massive kroppen i takt med eit endelaust andedrag. Me veit at vatnet pustar, i fjorden drar vassmassane to gonger i døgeret seg inn og ut. Og sit me stille, kan me få auge på anna som rører seg, eit lasteskip i fjordkanten, ein som hastar i veg gjennom regnet, lyden av ein bil langs vegen, ein sykkel i fart. På scena di opptreir mange andre, dei kjem og går, utan opphald.

I verka som Maia Urstad og Lars Ove Toft har installert på Kabuso, strekkjer og drar dei i korleis me fangar tida. Augneblinkar av merksemd, som konsentrerte møte mellom ulike spelarar på den same scena. Noko kan me høyre som bølgjer av framande røyster. I lufta heng eit mumlande kor, eit lite pust som svever frå vegg til vindaug. Det går òg bølgjer gjennom salen, frå den eine til den andre enden pulsar lyden frå eit kulespel. Ringeklokker klemtar til mellom nakne høgtalarar. Røystene du høyrer pratar om noko, men om kva er utanfor rekkevidde. Lyden av fjerne rørsler, kan hende frå ein by, omringar deg, eit tog kjem dunderande og forsvinn – rommet blir brått ein jernbanestasjon. Urstad nyttar bitar av lokal lyd frå heile verda i denne stadstilpassa komposisjonen, og ho omdannar den

vanlegvis lukka salen til eit ope og travelt rom, eit knutepunkt for transport og utveksling. Let du att auga, kan din heilt personlege film spelast ut, farga av lydane du høyrer i rommet.

I filmene me kan sjå, dei flytande bileta Toft har forma, er utsikta – det som er i sikte – objekt for ei rad omarbeidande undersøkingar. Fjorden, fjellet, treet, bilen, alle blir dei dregne ut av røynda, gitt ei ørlita forskyving, eit anna tempo, transformert, kan hende med nokre andre farger. Eit lite lerret trekkjes langs vindaugget, på sin veg fangar det opp glimt av ein projisert video. Ein bit av verda fanga i tid, vist på same plass som det blei filma. Ei dobbel utsikt. Men det er ei sikt som er endra til eit konsentrat av den endelaust langsame tida, det er fjellet si tid, fonna si tid, som blir synleg for oss.

Kommunikasjonen som oppstår mellom desse to nivåa i rommet – lyd og bilete – har òg plass for deg. Det er her forteljinga blir til. Frå utkikksposten, enn kor avgrensa han er – formar me ei heil verd og gir ho meining, samanheng. Det er kanskje dette me kan sansa i verka til Urstad og Toft: den verda du er i, er ei verd som du skapar. Språket ditt, kulturen din, handlinga di, formar den verda du bur i, kva du opplever, kva du trur kan hende.

Sissel Lillebostad

«Etter alle solemerke» inngår i utstillingsserien Dialogar. Til Kabuso har kunstnarane for første gong samarbeidd om ei utstilling der verka går i dialog med både utstillingsstad og kvarandres kunstnarskap.

«Etter alle solemerke» er et helhetlig verk utviklet spesielt for gallerirommet på Kabuso. Rommets format, akustiske klang og utsikt er viktige medspillere.

Verket består av følgende element:

Lydverk for 21 høyttalere avspilt fra 3 posisjoner.
Videoverk for 9 skjermer og 2 vindusprosjeksjoner.
2 mekaniske lydobjekt.
Ett interaktivt høyttalerobjekt.

Takk til:

Roar Sletteland (elektronikk), Søren Andreasen (programmering), Bjørn Bugge (animasjon), Snorre Risheim og Andrea U. Toft (montering), Peter Meanwell, Alex Ghalioungui, Jacob Sætre, alle på BEK og alle på Kabuso.

Støtta av: Norsk kulturfond, Bergen kommune, BEK- Bergen senter for elektronisk kunst, Bonnhoeren